



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa for barnehage*

# VURDERINGSRAPPORT

## Tueteigen BARNEHAGE



"Dei vaksne viser at dei er glade i borna og ynskjer å jobba her"

Tueteigen barnehage,  
styrar Anne-Line Mæland,  
telefon: 56 52 52 75, 40 40 38 86  
e-post: [anne-line.meland@granvin.kommune.no](mailto:anne-line.meland@granvin.kommune.no)

Dato for vurderinga: 8.mars – 11.mars 2010



## 1 – Føreord

### Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i gode erfaringar med skulevurdering og ynskje om å laga tilsvarende vurderingsprogram for barnehagar, vert det sett i gang eit prosjekt med utarbeiding av vurderingsverktøy for barnehage.

Grunngiving av behovet finn ein også i Rammeplan for barnehagen Kap. 4.3 Vurdering av arbeidet i barnehagen.

Rammeplanen seier: "Vurdering som blir gjort tilgjengeleg for andre, kan bidra til ein open og brei debatt om måla, innhaldet, oppgåvene og kvaliteten i barnehagen."

Vidare: "Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon".

Skule- og barnehage ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i barnehagen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at barnehagen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Lov om barnehagar §10 om kommunen sitt ansvar for tilsyn.

### Kven er vurderarar?

Vurderargruppa er under oppbygging og er samansett av pedagogar i barnehagar frå Hardanger/Voss regionen. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og målet er at me skal vurdera dei kommunale barnehagane i regionen i løpet av 6 år.

Ingen vurderer barnehagar i eigen kommune.

### Progresjon i vurderingsarbeidet

- Barnehagen gjennomfører Ståstadsanalysen i god tid før vurderingsarbeidet tek til.
- Barnehagen vel eit fokusområde for vurdering i samsvar med resultat frå ståstadsanalysen
- Barnehagen sender resultatata frå ståstadsanalysen og bakgrunnsmateriell til vurderarane
- Vurderingsparet førebur sjølvne vurderinga av barnehagen. Utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy vert tilpassa det barnehagen ynskjer fokus på.
- Sjølvne vurderinga vert gjennomført.

### Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekkjer fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar barnehagen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av barnehagen, men vil vera eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert.

Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta skal overførast til det interne vurderingsarbeidet barnehagen årleg arbeider med.



## 2 – Fakta om barnehagen

Barnehagen er eigd av Granvin kommune, har 3 avdelingar med aldersdelt organisering. Der er 41 born som har plass i barnehagen. Og det er 13 tilsette med til saman 9,8 årsverk,. Barnehagen held til i ein stor trebygning, eit tidlegare skulehus. Starta september 1978. Barnehagen brukar alle tre høgdena i huset, og har gode areal inne og ute. Det er og gode friluftsområde nær barnehagen. Tueteigen er einaste barnehage i kommunen, og har ei tydeleg lokal tilknytning til det kulturelle.

## 3 – Vurderingstema

Tueteigen barnehage har bede om vurdering på følgjande tema:  
Vaksne si aktive deltaking i leiken.

## 4 – Kriterium / Kvalitetskrav

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, rammeplan for barnehagen 2006, lokale planar og barnehagen sine eigne planar.

Når vurderarparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon i barnehagen, i tillegg til dei dokument som barnehagen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av barnehagen.



Bakgrunnen for begrepet: Tidlegare var det vanleg å samla på glansbilde. Englane med glitter på vengene, var dei spesielt vakre. Ingen veit eksakt korleis englar ser ut, men ein kunne vel ønskja at dei såg ut som på gamle glansbilde!



## Glansbilde for Tueteigen barnehage

**Tema:** Vaksne si aktive deltaking i leiken

Kriterium	Tegn på god praksis
Kriterium 1: Barnehagen er ein lærande organisasjon  (Rammeplan for barnehage 2006, s.50)	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Personalet er medvitne leiken som læringsarena</li> <li>❖ Personalet reflekterer over eigen praksis</li> <li>❖ Leiarane vurderer jamleg bruk av vaksenressursen i barnehagen</li> <li>❖ Leiarane gir personalet fagleg støtte og tilbakemelding på det faglege arbeidet</li> <li>❖ Årsplanen viser att i praksis</li> </ul>
Kriterium 2: Personalet planlegg, gjennomfører og vurderer den pedagogiske verksemda slik at dei tek del i borna sin leik  (Rammeplan for barnehage 2006, s.26)	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Personalet brukar leiken som arena for å skapa god samhandling borna imellom</li> <li>❖ Personalet er merksame på kroppslege uttrykk hjå dei minste borna</li> <li>❖ Personalet legg fysisk til rette for variert leik</li> <li>❖ Personalet gir borna opplevingar og erfaringar som dei kan bruka i leiken sin. (vpl. s 4)</li> <li>❖ Personalet reknar deltaking i leik som ein observasjonsmetode</li> <li>❖ Det er balanse mellom barneinitierte og vaksenstyrte aktivitetar (r.pl. s 21)</li> </ul>
Kriterium 3: Føresette er trygge på at borna dera vert sett og respekterte og får delta i eit fellesskap som gjer dei godt.  (Rammeplan for barnehage 2006, s. 15)	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Føresette kan sjå at personalet deltek i borna sin leik</li> <li>❖ Føresette opplever at personalet tek borna sine innspel på alvor</li> <li>❖ Føresette opplever at borna fortel heime at dei har leika saman med personalet</li> <li>❖ Føresette får dokumentert leiken som læringsarena i barnehagen</li> </ul>
Kriterium 4: Borna vert støtta, inspirert og oppmuntra av personalet i leiken.  (Rammeplan for barnehage 2006, s 26)	<ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Borna opplever at personalet er opptekne av det same som dei er opptekne av og samtalar med dei om det (verksemdsplan s. 9)</li> <li>❖ Personalet er fleksible i høve borna sin leik (vpl. S 9)</li> <li>❖ Borna opplever at personalet er engasjert i leiken deira</li> <li>❖ Personalet tek initiativ til leik</li> <li>❖ Borna får hjelp av personalet med reglar i spel og leik (vpl. S 10)</li> <li>❖ Borna får ta del i praktisk arbeid (vpl. S 10)</li> </ul>



## **5 – Deltakarar i vurderinga**

- Interne: Personalet, føresette og borna i Tueteigen barnehage
- Eksterne: Magni Kristiansen og Margunn Torget Østrem

## **6 – Tidsbruk**

Det er avsett 1 veke til å vurdere ein barnehage. I forkant av vurderinga og undervegs førebudde vurderarane informasjon, metodar og verktøy, og dreiv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar.

Under sjølve vurderinga var vurderarane i barnehagen i 3 dagar

Styrar vart oppdatert om arbeidet heile vegen.

Barnehagen fekk rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane.

## TIDSPLAN for vurdering av Tueteigen barnehage, Granvin

Dato/veke	Tid	Aktivitet	Ansvar
<b>23.06.09</b>		Plan for vurdering av barnehagar i regionen vart sett opp	Vurderingsgruppa
<b>v.51</b>		Vurderarane tek kontakt med barnehagen, og sender brev med informasjon om vurderinga og ståtadsanalysen til barnehagen	Margunn
<b>Veke 1-4</b>		- Barnehagen arbeider med ståtadsanalysen - Barnehagen gjennomfører ståtadsanalysen og vel tema for vurderinga	Styrrar
<b>29.01.2010</b>		- Barnehagen sender ståtadsanalysen og relevante dokument til vurderarane	Styrrar
<b>Veke 5</b>		- Laga framlegg til glansbilde	Vurderarane
<b>10.02</b>		- Barnehagen får tilsendt framlegg til glansbilde - Barnehagen frå tilsendt framlegg til tidsplan for vurderingsveka	Vurderarane
<b>17.02.</b>		- Barnehagen gir tilbakemelding på glansbilde til vurderarane	Styrrar
<b>Veke 8 og 9</b>		- Laga intervjuguidar og observasjonsmateriale - Laga innkalling foreldremøte - Senda ut innkalling foreldremøte	Vurderarane Vurderarane Styrrar
Vurderingsveke: 10			
Sundag 07.03.10	19.00	❖ Frammøte på Jaunsen gjestgjevarstad ❖ Gjennomgang og finpuss	Magni og Margunn
Måndag 08.03.10	8.30 9.00 9.00-12.30 13.00 – 14.30 14.30-15.00 19.00 19.30-20.30	❖ Briefing med styrrar ❖ Presentasjon av vurderarane og arbeidsmåtane for personalet ❖ Observasjon, på alle avdelingane, eta med "Toppen" og "Midten" ❖ Intervju med pedagogane ❖ Oppsummering av dagen med styrrar ❖ Tillaging til foreldremøte ❖ Foreldremøte	Margunn intervjuar Magni
Tysdag 09.09.10	8.30-10.00 10.30-11.30 11.30 12.15-13.15 14.30-15.00	❖ Intervju med ei gruppe assistentar/fagarbeidarar ❖ Barneintervju i gruppe (4-5 born) ❖ Eta med "Toppen og "Kjellaren" ❖ Barneintervju i gruppe (4-5 born) ❖ Deltaking på avdelingsmøte på "Midten" ❖ Oppsummering av dagen med styrrar	Magni intervjuar Margunn intervjuar Magni intervjuar
Onsdag 10.03.10	8.00-9.15 9.30-11.00 11.30-14.00 14.30-15.00 16.00-ca.??-00	❖ Intervju av styrrar ❖ Intervju med ei gruppe assistentar/fagarbeidarar ❖ Eta med "Midten" og "Kjellaren", observasjon ute ❖ Oppsummering av dagen med styrrar ❖ Etterarbeid og rapport	Margunn intervjuar Magni intervjuar
Torsdag 11.03-10	8.00 15.00 16.30-17.30	❖ Rapportskriving ❖ Møte med styrrar. Overlevering av rapport ❖ Personalmøte med barnehageeigar til stades.	Vurderarane
Innan 05.09.2010		❖ Rapportera attende til barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen vil arbeida med utviklingsområda ❖ Orientering til det politiske fagutvalet	Barnehagestyrrar



## 7 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriadgulering). Informantane var det vurderarane som plukka ut. Vi ønskte å intervju 4- og 5-åringar, dei føresette i barnehagen og personalgruppa; pedagogar, assistentar og fagarbeidarar. Vi gjorde også observasjonar blant barn og tilsette i barnehagen.

For å styrka kvaliteten på dei data me fann, nytta me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tok vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til barnehagen, og på korleis barnehagen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen i denne barnehagen er følgjande metodar nytta: Observasjon, intervju, samtale, påstandsskjema og dokumentanalyse.

### **Dokument- og resultatanalyse**

På førehand, etter at barnehagen hadde gjennomført ståstadsanalyse og før vurderarane kom i barnehagen, sende barnehagen relevante dokument til vurderarane: Ståstadsanalysen, årsplan, verksemdsplan, satsingsområde/prosjektarbeid, kriterium for godt arbeidsmiljø, brukarundersøking, månadsplanar, dagsrytmer, kompetanseplan. plan for overgang barnehage-skule.

### **Kriterium og teikn på god praksis**

Vurderarane utarbeidde forslag til eit glansbilde med kriterium og teikn på god praksis. Det tok utgangspunkt i Rammeplan for barnehagen 2006, Barnehagelova med forskrift og barnehagen sine planar. Framlegg til kriterium i glansbildet med teikn på god praksis vart drøfta i barnehagen. Barnehagen godkjende desse med små endringar.

### **Samtaleguidar**

For å fanga lik tematikk, utarbeide vurderarane i førekant ulike guidar til hjelp for samtalar/intervju med høvesvis barn, føresette og personalet.

### **Møte med føresette**

Ein føresetnad for god barnehageutvikling er god dialog mellom heim og barnehage. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har vurderarne hatt møte med foreldra der dei drøfta ulike påstandar i glansbildet.

### **Møte med styrar**

Styrar har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som barnehagen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med styrar dannar grunnlag for gjensidig forståing av barnehagen sin no-situasjon og for vidare arbeid. På slutten av kvar av vurderingsdagane hadde me ei kort oppsummering av dagen med styrar.

### **Observasjon**

Me observerte kvardagssituasjonar inne og ute på alle avdelingane.



## 8 – Barnehagen sine sterke sider innan vurderingsområdet

### Kriterium 1:

#### Barnehagen er ein lærande organisasjon

(Rammeplan for barnehage 2006, s.50)

##### ❖ **Personalet er medvitne leiken som læringsarena**

Personalet meiner at dei er det. Dei seier at dei har jobba mykje med å sjå sammenhengen mellom fagområda, leiken og kvardagsaktivitetar. Føresette ser det att i dokumentasjon gjennom til dømes månadsbrev og bilete.

Vurdererane observerte det i vaksenstyrt leik, frileik ute og inne og under måltid.

##### ❖ **Personalet reflekterer over eigen praksis**

Personalet brukar eigne praksisforteljingar, både nedskrevne og muntlege, og dei brukar døme henta frå litteratur. Dei seier det er ein god måte for å nå alle i personalet, og det fører til refleksjon, diskusjon og læring.

Vurdererane observerte bruk av praksisforteljingar i avdelingsmøte angående enkeltbarn, og i intervju og i samtale mellom personalet.

##### ❖ **Leiarane vurderer jammleg bruk av vaksenressursen i barnehagen.**

Det vert gjort daglege vurderingar om bruk av vikar dersom nokon i personalet er borte. Det vert også tatt opp til vurdering ved barnehageårets start og ved nyttilsettingar korleis ein best får sett saman personalgruppa for å få kombinert stillingar og få best mogleg stabilitet på avdelingane.



❖ **Årsplanen viser att i praksis**

Det er eit samstemt personale som uttrykkjer at årsplanen er eit praktisk arbeidsredskap som dei har eit nært forhold til. Dei brukar han i planlegging, dokumentasjon og evaluering.

Vurderarane ser tydeleg at det som står i årsplanen har dei gjort og er i gang med å gjera. Dei har mange gode fotomontasjar og collagar som viser dette.

**Kriterium 2:**

**Personalet planlegg, gjennomfører og vurderer den pedagogiske verksemda slik at dei tek del i borna sin leik**

*(Rammeplan for barnehage 2006, s.26)*

**Kriterium 4:**

**Borna vert støtta, inspirert og oppmuntra av personalet i leiken.**

*(Rammeplan for barnehage 2006, s 26)*

❖ **Personalet brukar leiken som arena for å skapa god samhandling borna imellom.**

❖ **Borna får hjelp av personalet med reglar i spel og leik (vpl. S 10)**

Personalet er medvetne at det er ein progresjonen i denne sida ved leiken, og at dei byggjer på kvarandre sitt arbeid. I intervju dreg dei fram at barn i forskjellig alder samhandlar ulikt og treng difor ulik støtte og stimuli. Dei yngste borna får støtte i å øva seg på turtaking og å spørja om å få. Dei største borna får hjelp til å meistra spel og å læra gode samhandlingsmønster.

Dette observerte også vurderarane. Borna verka trygge og glade i samvær med kvarandre, og me observerte lite konflikter mellom borna.

❖ **Personalet er merksame på kroppslege uttrykk hjå dei minste borna.**

Personalet meiner at kroppspråket er talande hjå barn i alle aldersgrupper, også hjå dei vaksne. I avdelinga Toppen arbeider dei med modellen "Steg for steg" som går på utvikling av empati og å kjenne att kjensler hjå seg sjølv og andre.

Det har og vore tema på personalmøte og avdelingsmøte.

Vurderarane har sett korleis dei omgår dei minste borna, og har vore til stades i samlingstunder. Me har også opplevd at barna var vare på kvarandre sitt kroppsuttrykk og sette ord på det.

❖ **Personalet legg fysisk til rette for variert leik.**

Her såg vurderarane mykje bra! Barnehagen har store, gode rom både inne og ute. Me såg tydeleg at personalet er bevisste korleis dei brukar romma, og har materiell godt synleg og tilgjengeleg for borna. Dei seier at dei diskuterar rombruken kvar haust ut frå kva aktivitetsbehov barnegruppa har på dei ulike avdelingane, og dei evaluerar stadig, også skifte av materiell.

To i personalet held på med PUB-studiet og skal skriva ei oppgåve med fokus på innreiing.

❖ **Personalet gir borna opplevingar og erfaringar som dei kan bruka i leiken sin. (vpl. s 4)**

❖ **Borna får ta del i praktisk arbeid (vpl. S 10)**

❖ **Borna opplever at personalet er opptekne av det same som dei er opptekne av, og samtalar med dei om det (verksemdsplan s. 9)**

❖ **Borna opplever at personalet er engasjert i leiken deira**

Barnehagen brukar nærområdet flittig, og på turar tek dei gjerne ting dei finn med tilbake og brukar i leik eller formingsaktivitetar. Dette seier også foreldra at dei ser.

Borna seier at dei går ofte på tur, og likar det godt. Nokon har yndlingsplassar. Personalet er bevisst på det som skjer rundt barnehagen, og dei har borna med i ein del praktisk arbeid. Personalet er og bevisste på at dei er rollemodellar i alt dei gjer. Måltida og mange



andre situasjonar vart nytta til samtale om det borna hadde gjort eller det dei ville snakka om. Personalet ser og at aktivitetar og prosjekt viser att i barna sin frileik.

Dette såg og vurderarane. I frileik refererte borna med glede til stader dei likte å vera, dei var ivrige når dei rydda etter maten, og særleg dei eldste viste at dei kunne og forstod mykje om kjeldesortering.

❖ **Personalet reknar deltaking i leik som ein observasjonsmetode**

Personalet er bevisst at dei observerar ulikt om dei går inn i leiken eller står på utsida.

Det vart sagt i intervju at å delta i leiken er også ein arena for å dela glede og kunnskap med barna og er dermed inspirerende for personalet.

Personalet referar mykje til at dei brukar praksisforteljingar, som er ein måte å synleggjera observasjonar på. Vurderarane opplevde odså dette på eit avdelingsmøte.

❖ **Det er balanse mellom barneinitierte og vaksenstyrte aktivitetar (r.pl. s 21)**

❖ **Personalet er fleksible i høve borna sin leik (vpl. S 9)**

❖ **Personalet tek initiativ til leik**

Personalet meiner det er god veksling mellom desse elementa i inetida. Dei har stor respekt for den gode leiken. Dei er opne for å leggja planane til sides for å la dei magiske øyeblikka vara. Borna gav også uttrykk for at dei ikkje alltid må gjera det dei vaksne har planlagt, dersom dei heller ynskjer å gjera noko anna.

Vurderarane såg at born som var i ein aktivitet, fekk gjera seg ferdige og koma når dei var klare, sjølv om dei andre td. gjekk i samlingsstund. Vi såg også at personalet sette i gang leik og aktivitet som engasjerte borna.

**Kriterium 3:**

**Føresette er trygge på at borna deira vert sett og respekterte og får delta i eit fellesskap som gjer dei godt.**

*(Rammeplan for barnehage 2006, s. 15)*

❖ **Føresette opplever at personalet tek borna sine innspel på alvor**

❖ **Føresette opplever at borna fortel heime at dei har leika saman med personalet**

❖ **Føresette får dokumentert leiken som læringsarena i barnehagen**

Foreldra seier at personalet er gode på å møta born og foreldre om morgonen og ved henting. Dei meiner og at personalet kjenner det enkelte barnet og ved eventuelle problem er dei raske til på ta det opp med foreldra.

Borna fortel ikkje så mykje heime at dei har leika saman me dei vaksne, men dei snakkar positivt om personalet når dei er heime, og viser glede når dei møter dei.

Føerldra legg merke til og får med seg det barnehagen dokumenterar av leik, aktivitet og læring.





## 9 – Barnehagen sine utviklingsområde innan vurderingstemaet

### Kriterium:1

#### **Barnehagen er ein lærande organisasjon**

*(Rammeplan for barnehage 2006, s.50)*

- ❖ **Leiarane vurderer jamnleg bruk av vaksenressursen i barnehagen**  
Vaksenressursen vert vurdert dagleg i høve til den praktiske kvardagen. Men det er mykje bra kompetanse på huset som kunne vore nytta på tvers av avdelingane i ulike prosjekt.
- ❖ **Leiarane gir personalet fagleg støtte og tilbakemelding på det faglege arbeidet.**  
For at kompetansen skal hevast, ynskjer personalet å få tilbakemelding på utviklingspotensialet i arbeidet dei gjer. Det meiner dei er like viktig som ros.

### Kriterium:2

#### **Personalet planlegg, gjennomfører og vurderer den pedagogiske verksemda slik at dei tek del i borna sin leik**

*(Rammeplan for barnehage 2006, s.26)*

dei m

Tueteigen barnehage

Dato: 08. til 11. mars 2010



❖ **Personalet gir borna opplevingar og erfaringar som dei kan bruka i leiken sin. (vpl. s 4)**

Her er det sprik mellom det vurderarane såg og det personalet uttrykte.

Personalet syntes det var vanskeleg å inspirere i utetida. Vurderarane opplevde ein sprudlande kreativitet med måling og forming i snø, graving av elver i snøen og ein kreativ, eigenstyrt bileik blant ei gruppe born.

Om dette er representativt for uteleiken, KAN DE BERRE VERE STOLTE!

. Om ikkje, bør de kanskje reflektere over kva som gjorde at denne situasjonen vart så bra særleg med fokus på kva de som personale gjorde.

❖ **Personalet reknar deltaking i leik som ein observasjonsmetode.**

Vurderarane opplevde at personalet hadde gjort seg mange tankar rundt dette med observasjon. Utviklinga vidare blir vel å bevisstgjere seg kva ein gjer med alle refleksjonane, korleis ein overfører dette til handling og endra praksis.

❖ **Det er balanse mellom barneinitierte og vaksenstyrte aktivitetar (r.pl. s 21)**

Her kom det fram at personalet særleg syntes dette var vanskeleg i utetida. Dette er kommentert i punktet om opplevingar og erfaringar.

**Kriterium:3**

❖ **Føresette er trygge på at borna deira vert sett og respekterte og får delta i eit fellesskap som gjer dei godt.**

(Rammeplan for barnehage 2006, s. 15)

❖ **Føresette kan sjå at personalet deltek i borna sin leik.**

I kvardagen er det ved bringing – og henting av born, at føresette har moglegheit til å observere dette. Det kom fram at dei syntest det kunne vere liten variasjon i leiken i hentedida. Då observerte dei ofte sandkasseleik. Fordi ungene ofte er trøytte på slutten av dagen og fordi personalet ikkje er fulltallig her på grunn av møter, pauser og liknande, kunne det kanskje vere ein ide å tenkje igjennom kva for andre muligheter for observasjon som finns. Veit foreldra til dømes at dei er velkommen til å vere med i barnehagen ein dag?

**Kriterium:4**

**Borna vert støtta, inspirert og oppmuntra av personalet i leiken.**

(Rammeplan for barnehage 2006, s 9)

❖ **Borna opplever at personalet er engasjert i leiken deira.**

Vurderarane opplevde at personalet hadde mange gode refleksjonar kring leik og engasjement.

Men dei såg og ein del ustruktur på kor leiker skulle plasserast og kva som skulle vere tilgjengeleg til ein kvar tid.

Omgrepet "rot" treng kanskje også refleksjon. Kva er rot? Kor viktig er orden? For kven er det viktig? .....

Foreldra var særleg opptekne av at dei sjenerte og inneslutta barna vart sett og respektert i leikesamanhang.

❖ **Borna får ta del i praktisk arbeid (vpl. S 10)**

I Verksemdsplanen til Tueteigen barnehage s.4, seier de at "Arbeidsliv gjev borna inspirasjon til rolleleik. Borna treng erfaringar og opplevingar som dei kan bruka i leiken sin."

Vurderarane opplevde i intervju at det blei uttalt at det var lett og gjere praktisk arbeid når ungene var opptekne med andre aktivitetar i staden for å ta dei med.

Ein vidareutvikling kan vere å tenkje igjennom kva de legg i omgrepet "praktisk arbeid" som borna kan ta del i.



## 10 – Vidare arbeid

6 månader etter at barnehagevurderinga finn stad, vil styrar rapportera attende til barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Granvin, 11.mars 201

Magni Kristiansen

Margunn Torget Østrem



## Vedlegg 1

Dette sa foreldra:

<b>1. Set opp punkt som de meiner Tueteigen barnehage er flink til</b>	
<b>2. Set opp punkt som de meiner Tueteigen barnehage kan bli flinkare til</b>	
<b>3. Set opp punkt som <u>de</u> som foreldre kan bli flinkare til</b>	
<b>Kriterium 3:</b> Føresette er trygge på at borna dera vert sett og respekterte og får delta i eit fellesskap som gjer dei godt. (Rammeplan for barnehage 2006, s. 15)	
4. Påstand: Føresette kan sjå at personalet deltek i borna sin leik	
5. Påstand: Føresette opplever at personalet tek borna sine innspel på alvor	
6. Påstand: Føresette opplever at borna fortel heime at dei har leika saman med personalet	
7. Påstand: Føresette får dokumentert leiken som læringsarena	



## Vedlegg 2

### Intervjuguide for personalet

#### Kriterium 1:

Barnhagen er ein lærande organisasjon.

Teikn på god praksis	Dette sa personalet
Personalet er medvitne leiken som læringsarena	-
Personalet reflekterer over eigen praksis	-
Leiarane vurderer jamleg bruk av vaksenressursen i barnehagen	•
Leiarane gir personalet fagleg støtte og tilbakemelding på det faglege arbeidet	•
Årsplanen viser att i praksis	•

#### Kriterium 2:

Personalet planlegg, gjennomfører og vurderer den pedagogiske verksemda slik at dei tek del i borna sin leik

Teikn på god praksis	Dette sa personalet
Personalet brukar leiken som arena for å skapa god samhandling borna imellom	•
Personalet er merksame på kroppslege uttrykk hjå dei minste borna	•
Personalet legg fysisk til rette for variert leik	•
Personalet gir borna opplevingar og erfaringar som dei kan bruka i leiken sin. (vpl. s 4)	•
Personalet reknar deltaking i leik som ein observasjonsmetode	•
Det er balanse mellom barneinitierte og vaksenstyrte aktivitetar (r.pl. s 21)	•



**Kriterium 3:**

Føresette er trygge på at borna dera vert sett og respekterte og får delta i eit fellesskap som gjer dei godt.

(Rammeplan for barnehage 2006, s. 15)

Teikn på god praksis

Dette sa personalet

Føresette kan sjå at personalet deltek i borna sin leik	
Føresette opplever at personalet tek borna sine innspel på alvor	
Føresette opplever at borna fortel heime at dei har leika saman med personalet	
Føresette får dokumentert leiken som læringsarena i barnehagen	
Føresette kan sjå at personalet deltek i borna sin leik	
Føresette opplever at personalet tek borna sine innspel på alvor	

**Kriterium 4:**

Borna vert støtta, inspirert og oppmuntra av personalet leiken.

(Rammeplan for barnehage 2006, s 26)

Teikn på god praksis

Dette sa personalet

Borna opplever at personalet er opptekne av det same som dei er opptekne av og samtalar med dei om det (verksemdsplan s. 9)	
Personalet er fleksible i høve borna sin leik (vpl. S 9)	
Borna opplever at personalet er engasjert i leiken deira	
Personalet tek initiativ til leik	
Borna får hjelp av personalet med reglar i spel og leik (vpl. S 10)	
Borna får ta del i praktisk arbeid (vpl. S 10)	



### Vedlegg 3

Dette sa borna

#### Kriterium 1:

Barnhagen er ein lærande organisasjon.

Teikn på god praksis

Dette sa borna

Personalet er medvitne leiken som læringsarena <ul style="list-style-type: none"><li>Når de har halde på med noko i barnehagen: gjer de noko som gjer at de kan hugsa og snakka om det etterpå?</li></ul>	
Leiarane vurderer jamleg bruk av vaksenressursen i barnehagen <ul style="list-style-type: none"><li>Viss du spør dei vaksne om dei vil vera med å leika, kva seier dei då?</li></ul>	
Årsplanen viser att i praksis <ul style="list-style-type: none"><li>Viss dei vaksne seier at de skal gjera noko ein dag; vert det slik då?</li><li>Korleis veit de kva de skal gjera i barnehagen?</li></ul>	

#### Kriterium 2:

Personalet planlegg, gjennomfører og vurderer den pedagogiske verksemda slik at dei tek del i borna sin leik

Teikn på god praksis

Dette sa borna

Personalet brukar leiken som arena for å skapa god samhandling borna imellom <ul style="list-style-type: none"><li>Korleis likar du å leika med dei andre ungane?</li><li>Viss de kranglar når de leikar; kva gjer de då?</li></ul>	
Personalet er merksame på kroppslege uttrykk hjå dei minste borna <ul style="list-style-type: none"><li>Forstå dei vaksne kva du vil utan at du må sei det?</li></ul>	
Personalet legg fysisk til rette for variert leik <ul style="list-style-type: none"><li>Kor mange plassar i i barnehagen får de leika på?</li><li>Er det nokon plassar de ikkje får leika?</li><li>Er det nokon plassar de berre får leika med bestemte ting eller på bestemte måtar?</li></ul>	



Personalet gir borna opplevingar og erfaringar som dei kan bruka i leiken sin. (vpl. s 4)	
Personalet reknar deltaking i leik som ein observasjonsmetode	
Det er balanse mellom barneinitierte og vaksenstyrte aktivitetar (r.pl. s 21) <ul style="list-style-type: none"> <li>• Får de gjera noko anna enn de dei vaksne har bestemt?</li> <li>• Får de nok tid til å leika?</li> </ul>	

**Kriterium 4:**

Borna vert støtta, inspirert og oppmuntra av personalet leiken.  
 (Rammeplan for barnehage 2006, s 26)

Teikn på god praksis

Dette sa borna

Borna opplever at personalet er opptekne av det same som dei er opptekne av og samtalar med dei om det (verksemdsplan s. 9) <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva gjer dei vaksne når du vil visa dei noko du leikar med?</li> <li>• Snakkar dei vaksne med deg om det du leikar med?/det du gjer når du leikar?</li> </ul>	
Personalet er fleksible i høve borna sin leik (vpl. S 9) <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kor hen likar du best å leika</li> <li>• Får du leika når du har lyst</li> <li>• får du leika der du har lyst</li> <li>• får du leika med det du har til</li> <li>• Kva gjer dei vaksne når du vil at dei skal vera med å leika?</li> </ul>	
Borna opplever at personalet er engasjert i leiken deira <ul style="list-style-type: none"> <li>• Trur du dei vaksne er glad i /likar å leika saman med dykk?</li> </ul>	
Personalet tek initiativ til leik <ul style="list-style-type: none"> <li>• Spør dei vaksne om de vil vera med dei å leika?</li> </ul>	
Borna får hjelp av personalet med reglar i spel og leik (vpl. S 10) <ul style="list-style-type: none"> <li>• Når de spelar spel: får de hjelp av dei vaksne?</li> </ul>	
Borna får ta del i praktisk arbeid <ul style="list-style-type: none"> <li>• Får de vera med og hjelpa til?</li> <li>• Får de sjå kor hen foreldre eller andre vaksne arbeider?</li> </ul>	



## Vedlegg 4

Til føresette i Tueteigen barnehage.

### Ekstern vurdering i Tueteigen barnehage

Hardanger og Voss kompetanseregion er eit samarbeidsorgan for kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang, Ulvik og Voss. Regionen har vedteke at det skal vera ei vurderingsgruppe for barnehage; ei gruppe som skal hjelpa barnehagane i arbeidet med å utvikla seg for å auka kvaliteten.

Ekstern vurdering vil seia at dei som skal vurdera din barnehage kjem frå ein annan kommune i regionen.

Vurderarane er ei gruppe førskulelærarar frå regionen Hardanger/Voss, pedagogar med brei erfaring og variert pedagogisk bakgrunn. Alle har opplæring i modellen for ekstern vurdering.

Det er tid for vurdering i Tueteigen barnehage.

Personalet i din barnehage har gått gjennom verksemnda og sjølve funne ut kva dei skal verta vurderte på.

Vurderarane har så laga eit "glansbilde" på korleis det ideelt sett skulle vera innanfor det området barnehagen har valt. Glansbiletet byggjer me på bakgrunn av lover og forskrifter for barnehage, og lokal tilpassing.

I veke 10 kjem me for å undersøkje om det er slik som det skal vera innafor det området barnehagen har valt, og då vil me også høyra kva de som føresette meiner.

### **Me inviterer dykk difor til møte i barnehagen** **måndag 8. mars 2010 kl. 19.30 – 20.30.**

På møtet vil de få utlevert nokre spørsmål som de skal drøfta i grupper, og gje tilbakemelding til oss i slutten av møtet. Ingen av dei tilsette i barnehagen vil vera tilstades.

Samla resultat frå vurderinga i barnehagen vert ferdigstilt i ein rapport som vert lagt ut offentleg.

Målet med vurderinga er å auka kvaliteten i barnehagen. Det er difor viktig at alle partar er med og vurderer barnehagen.

**Vel møtt!**

Helsing vurderarane

Magni Kristiansen  
førskulelærer

Margunn Torget Østrem  
førskulelærer